



Uskedelingsane Jørn Øyrehagen Sunde og Margunn Eik under det historiske seminaret i Borgstova i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For niande gong blir det laurdag halde historisk seminar i Borgstovo på Baroniet og uskedelingen, professor Jørn Øyrehagen Sunde, leiar det. Han er forskar ved Baroniet ved sida av å vera professor i rettshistorie ved Universitetet i Bergen.

Tidlegare har han halde to føredrag om Mowat-familien og denne sommaren var han på Shetland for fjerde gong for å oppsøkja alle stader som kan knytast til familien si historie.

I føredraget denne gongen vil han ta opp kva det var som gjorde handelen mellom Shetland og Sunnhordland så lukrativ i ein hundreårsperiode og han illustrerer føredraget med bilete frå Shetland.

'Samkvem mellom Noreg og Shetland frå 1200 til 1700' er overskrifta på seminaret.

Det kjem også føredragshaldarar frå Shetland og Skotland.

Barbara Crawford kjem frå Skotland. Ho er den fremste ekspertten på samkvemet mellom Noreg og øygruppene nord for Skotland.

Brian Smith veit mest om Shetland si historie.

Magnus Økland skal snakka om båthandel over Nordsjøen.